

Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/9748-1

Høyringsuttale frå fylkesrådet for eldre - forskrift om medverknadsordningar

Framlegg til vedtak:

Fylkesrådet for eldre skriv høyringsuttale til forskrifta i møte 11. februar.

Vedlegg:

Høyringsbrev – ny forskrift om råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetjing og for ungdom

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Stortinget vedtok 11. juni 2018 ny kommunelov. Som fylgje av dette vil Kommunal- og moderniseringsdepartementet revidere alle forskriftene som høyrer til kommunelova. I samband med dette sender departementet no forskrifter til høyring.

Departementet føreslår ei ny forskrift om kommunale råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom. Forslaget omhandlar oppgåver, organisering og sakshandsaming for råda.

Høyringsfristen for forskrifta er 1. april 2019.